

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Saksnr.: 06/00071-008
Arkivkode: 033
Avd/Saksh: SL
Dykkar ref:

KOMM. OG REG. DEP	
- 3 OKT 2006	
Ark	/
Avd.	/ /

DALE 29.09.2006

MELDING OM VEDTAK - HØRINGSUTTALE NOU 2006:7 "DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING"

Vaksdal eldrerådet handsama i møte 19.09.2006 sak 0010/06.

Følgjande vedtak vart fatta:


Vaksdal eldreråd har fått til høyring Lokaldemokratikommisjonen si utgreiing NOU 2006:7 "Det lokale folkestyret i endring? Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken". Der går det m.a. fram at eit fleirtal i kommisjonen går inn for å avikla ordninga med eldreråd som lovfesta organ i alle kommunar og fylkeskommunar.

Dersom forslaget vert vedteke, kan det føre til at mange kommunar vel å ikkje ha eldreråd. Eldrerådet er det einaste organ som eldre kan bruke for å fremje sine saker. Frå lova vart innført i 1992 og til i dag, har eldreråda utvikla seg til å vera eit godt talerør for eldre sine saker. Gjennom råda har eldre sin erfaring og kunnskap ført til betre beslutningsgrunnlag i saker som vedkjem eldre.

I tider der talet eldre i samfunnet aukar år for år er det særleg viktig at eldre har eit slikt talerør. Pensjonistane sin innflytelse i politiske saker er i dag liten nok, og bør ikkje verte ytterlegare redusert.

Vaksdal eldreråd vil difor gå sterkt imot forslaget om å avvike eldreråda som lovfesta organ.

Rett utskrift:



Sølvi Legård
Sekretær eldrerådet

